

---

**Fra:** Rune Rosnes <rune.rosnes@online.no>  
**Sendt:** 14. mai 2018 20:20  
**Til:** Postmottak Lindås; inge@arkoconsult.no  
**Emne:** Nabovarsel om Byggjesak på Gnr 123, Bnr102

Har motteke Nabovarsel om byggjesak på Gnr 123, Bnr102.

Me kan ikkje sjå at tilkomst til tomta/bygget, at vegen vert for bratt, skal vere god nok grunn til å gje dispensasjon. Om ein fylgjer reguleringsplanen vil bygget rett nok liggje noko lågare enn eksisterande veg, men etter vår meining ikkje slik at dette på noko måte vil skape vanskar for tilkomst.

Me meiner det er særst viktig å fylgje reguleringsplanen, særleg når det pågår ei tung utbygging av byggjefeltet med mange 2-manns- og 4-mannsbustader. Desse bygga er store og bryt allereie med den eksisterande busetnaden med mange einebustader. Me er ikkje imot dei nye bustadane, men meiner at dersom det vert gjeve dispensasjon(ar) vil dette kune føre til uheldig visuell endring av byggjefeltet, med store, ruvande bygg.

Me vil på dette grunnlaget frårå dispensasjon.

Vyrdsamt

Eigarar av Gnr. 123, Bnr. 69:

Laila Rosnes og Rune Rosnes